



# DEN NORSKE KYRKJA

## Lindås kyrkjelege fellesråd

Lindås Kommune  
Kvernhusmyrane 41  
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
5. 10. 2016	
Ark. saksnr. 16/3223	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Knarvik, 29. september 2016

### SØKNAD OM ORDINÆRT SERVICESKILT – KNARVIK KYRKJE

Knarvik kyrkje vart teken i bruk 30.11.2014. Kyrkja ligg på Kvernhusaugane og har adresse Kvernhusaugane 19, 5914 ISDALSTØ. Innkøyring til kyrkja sin eigen parkeringsplass er frå E39 via Lonsvegen.

På oppfordring frå oss har Lindås kommune sett opp eit skilt ved avkøyrsla frå Lonsvegen til kyrkja. Skiltet har tekst "Knarvik kyrkje" og pil mot kyrkja.

Vi bed om at skiltet vert erstatta med eit ordinært serviceskilt, slik vegvesenet nyttar, synleg for begge køyreretningar.


Ut frå kyrkja si plassering på ei høgde i Knarvik og kyrkja si arkitektoniske interesse ser vi for oss at skilta som får "symbolet for kyrkje" i tillegg til "Knarvik" også bør ha symbolet for "severdighet" slik vedlagt bilete frå Gand kyrkje i Sandnes viser.

Køyrrelengda til kyrkja bør også koma fram på skiltet?

Ved avkøyrsla frå Lonsvegen til gravplassen bed vi om at det vert sett opp skilt "P Knarvik gravplass"

Ta gjerne kontakt med underteikna om det skulle vera spørsmål til dette.

Med venleg helsing

  
Torgeir Paulsen  
Kyrkjeverje Lindås

Vedt.: Symboleksempel.

Sandved Terrasse



Gand

Sandved Stadion

Sandneshallen

IM Rammeservice